

# Årsmøte i Friluftsforeninga Volda

Tid og stad: 19.03.2026 kl. 19 – 20 på Volda Campus Sparebank1 Arena

Antal medlemmar til stades: 8

## Sakliste

1. Godkjenning av innkalling
2. Godkjenning av sakliste
3. Val av referent
4. Valt til å signere protokoll
5. Årsmelding
6. Rekneskap
7. Budsjett 2025
8. Val
9. Magne Haugens minnefond
10. Hausttur
11. Innkomne saker
  - o Signeringsrett i styret
  - o Revisjonsberetning
12. Ev. orienteringar

### 1. Godkjenning av innkalling

Annonsert på heimesida og i sosiale medium 21.02.2026 (facebook og Instagram)

Annonsert i Møre 27.02.2026

VEDTAK: Godkjent

### 2. Godkjenning av sakliste

VEDTAK: Godkjent

### 3. Val av referent

Forslag: Eli-Mette Luthcke

### 4. Årsmelding

VEDTAK: Godkjent, men ein presisere at det er styret som kan godkjenne inntil 300.000 av Magne Haugens minnefond

### 5. Signering av protokoll

VEDTAK: Pål Inge Olsen og Aud Fagervoll

## 6. Rekneskap v/kasserar

VEDTAK: Godkjent. 2026 vert eit prøveår for nytt rekneskapssystem

## 7. Budsjet for 2026

VEDTAK: Godkjent

1. Kontingent uendra (kr. 250, familiemedlemskap)
2. Styret får fullmakt til å disponere midlane til FFV i samsvar med sedvane
3. Styret får fullmakt til å disponere Magne Haugens minnefond slik det er bestemt i foreninga sine årsmøte

## 8. Val

Desse er på val:

- Leiar: Runa Bakke
- Nestleiar: Therese Moltudal
- Kasserar: Bjørg Flø
- Varamedlemar: Eli-Mette Lüthcke og Mona Kile
- Valnemnd: Sylvi Aa. Fossheim

Valnemnda si innstilling:

- Leiar: Runa Bakke, 1 år
- Nestleiar: Therese Moltudal, 2 år
- Kasserar: Bjørg Flø, 2 år
- Varamedlemar: Eli-Mette Lüthcke og Else-Lill Riise, 1 år
- Valnemnd: Sylvi Aa. Fossheim, 1 år

VEDTAK: Godkjent. Styret sjekker opp om kor lenge dei ulike skal velgast for.

## 9. Magne Haugens minnefond

### 9.1. Tildeling av midlar i 2025

Styret kan tildele inntil kr. 300 000 pr. år, jf. vedtak i årsmøtet 2020

Vi fekk inn 18 søknadar. Ein søknad med søknadsbeløp på kr. 500.000, må handsamast av årsmøtet i mars 2026.

Total tildeling i 2025 kr. 527 800:

Ørsta skisenter	Akebakke	30 000
Dokumentarfilmfestivalen	Utekino (ikkje brukyheile beløpet)	30 000
Skorgeura grendalag	Støtte til gapahuk	50 000
VTI langrenn og skiskyting	Skileikanlegg (vedtak i årsmøtet)	300 000
VTI fotball	Fotballmål (blir brukt i uorganisert aktivitet)	67 800

## 9.2 Søknad frå Sæbø aktivitetspark

Søknad på kr. 500.000

Frå søknaden: «Sæbø aktivitetspark skal bli eit levande og allsidig aktivitetsområde for folk i alle aldrar, idyllisk plassert på Sæbø i Hjørundfjorden, ved sidan av kunstgrasbana til Sæbø IL og i nær tilknytning til skule og barnehage. Parken skal fremje fysisk aktivitet, leik, fellesskap og trivsel, og gi eit tilbod til dei som ikkje deltek i organisert idrett.»

### VEDTAK:

9.1: Årsmøtet har ingen merknadar til tildelingane.

9.2: Årsmøtet vedtek å utsetje handsaminga av søknaden, og ber om at Sæbø aktivitetspark legg fram fullstendig finansieringsplan for anlegget før søknaden vert vurdert på nytt.

## 10. Hausttur

Styret tek ansvar for å planlegge hausttur. Forslag til tur er Oldeskaret

## 11. Innkomne saker

Styret har meldt inn følgende saker:

### **11.1 Signeringsrett i styret**

Signeringsrett bør delegerast til 2-3 personar i styret

Forslag: Styreleiar og kasserar godteke

### **11.2 Revisjonsberetning**

Friluftsföreninga må ha revisjonsberetning for å kunne søke momskompensasjon. Organisasjonar som har mindre enn fem millionar kroner i totale driftskostnadar kan bruke valt revisor. Valt revisor kan ikkje vere del av styret. [Nærmare om regelverket](#)

Forslag: Per Ernst Lundberg valdt

## 12. Ev. orienteringer

Signering av protokoll

Aud Fagerroff 